



Og Arkitekter AS
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1546 - 18/14483

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
27.06.2018

Godkjenning for delar av tiltaket - GBNR 22/260 - Løyve til igangsetting for grunnarbeid, fundament, stikk- og bunnleiding - Mjåtveit Næringspark

Administrativt vedtak. Saknr: 145/2018

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Og Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til igangsetting for grunnarbeid, fundament og stikk- og bunnleiding i samband med oppføring av driftsstasjon på gbnr. 22/260, Mjåtveit Næringspark. Vi viser til søknad med vedlegg, journalført motteke 26.6.2018.

Teknisk Bureau AS søkte samstundes om løyve til tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg, jf. søknad journalført 26.6.2018.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

Det følger av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve. Sistnemnde «*kan ikkje gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingstillatelse kan deles opp.*»

I rammeløyve datert 20.6.2018, saksnr. 137/2018, vart det stilt følgjande vilkår:

- *Før det blir gitt igangsettingsløyve må det liggje føre godkjent søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*
- *Før det blir gitt igangsettingsløyve av arbeid med sjølve bygningen, må det liggje føre samtykke frå Arbeidstilsynet.*

Vatn og avlaup:

Det er søkt om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget. Tilkopling som omsøkt er dermed i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 26.6.2018. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av grunnarbeid, fundament og stikk- og bunnleiding i samband med oppføring av driftsstasjon på gbnr. 22/260, Mjåtveit Næringspark. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Samtykke frå Arbeidstilsynet må sendast inn til kommunen seinast ved søknad om løyve til igangsetting av resten av tiltaket.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan, journalført 26.6.2018.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Meland kommune godkjenner at gbnr. 22/260 vert knytt til kommunalt vass- og avlaupsanlegg på følgjande vilkår:

- *Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*

- *Tilknytninga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknytninga er utført.*
- *Det må installerast vassmålar.*
- *-Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- og for kloakk kr 20 000,- + mva (totalt kr 40 000,- + mva).»*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Og Arkitekter AS
Tekniskbureau AS

Kanalveien 11 5068
Postboks 5 4001

BERGEN
STAVANGER